

SURNADAL KOMMUNE

SAMLET SAKSFRAMSTILLING

BRUKERBETALING PLEIE- OG OMSORGSTENESTER - HØRING

Saksbehandler: Råg Ranæs

Arkivsaksnr.: 04/01297

Arkiv: 231 F23 &13

Saksnr.: Utvalg

0040/04 Hovudutval for oppvekst og omsorg

Møtedato

09.06.2004

Saksbehandlar: Råg Ranæs

Arkivsaksnr.: 04/01297-001

Arkiv: 231 F23 &13

BRUKERBETALING PLEIE- OG OMSORGSTENESTER - HØRING

Vedlegg:

Samandrag frå høyringsnotatet.

Bakgrunn for saka:

Regjeringen la i St.meld. nr. 45 (2002-2003) "Betre kvalitet i dei kommunale pleie- og omsorgstenestene" til grunn at det var behov for å sende forslag til endring i dagens reglar for brukarbetaling på høring før saka blir lagt fram for Stortinget.

Vurdering:

Inger Johanne Iversen (SV) og Lars Polden (SP) har saman med fungerande kommunalsjef vurdert nærare det framlagte høyringsnotatet.

Denne gruppa ønsker å presisere at brukarbetaling ikkje har vore ei sak som ein på lokalt nivå har følt påtrykk for å endre. Dei spørsmåla som er reist i høyringsdokumentet har derfor vore lite debattert før vi fekk tilsendt høyringsdokumentet. Ut i frå dei erfaringar ein sit med, er det med ein viss skepsis ein vurderer dei framlagte forslaga til endring. Dette har sin bakgrunn i at det mest utan unntak er slik at kommunane kjem dårlegare ut økonomisk når staten ønsker å endre på gjeldande ordningar.

Hovudspørsmåla er:

1. Bør dagens todelte system for brukarbetaling og finansiering i hovudtrekk vidareførast, eller er det behov for større einingar.

Surnadal kommune har ikkje følt behov for større endringar. Men viss ei endring kan gi betre tenester for brukarane utan at ein svekker kommuneøkonomien, kan det vere på sin plass å vurdere å endre dagens system.

2. Vil et enhetlig system for brukarbetaling der betalingen knyttes til bolig, daglige utgifter og egenandeler for de faktiske tjenester som ytes være mer hensiktsmessig enn dagens todelte system for brukarbetaling i og utenfor institusjon?

Ein bør betale for det ein treng og får. Ei endring av systemet bør ikkje føre til ein auke i administrative stillingar på bekostning av pleie.

3. Bør staten fastsette regler for nivået på brukarbetaling, og i tilfelle i hvilken grad, eller bør det være opp til den enkelte kommune å avgjøre?

Staten bør i si heilheit fastsette reglar for nivået på brukarbetaling. Dette vil sikre den enkelte sin rett til tenester, uavhengig av bopel og personleg økonomi. Betalingssatsane må vere slik at alle har råd til å betale for tenestene.

4. Bør kommunens helhetlige finansieringsansvar for tilbudet til beboere i institusjon utvides til en større gruppe brukere av pleie- og omsorgstjenester, f.eks beboere i omsorgsboliger. Finnes det eventuelt en bedre avgrensning av kommunens finansieringsansvar.

Vi ser ei slik endring som ei forverring av kommuneøkonomien. Vi må ha ei ordning der brukarane får den hjelpa dei treng til ein pris brukaren og kommunen kan leva med.

5 Bør beboere i institusjon ha de samme rettigheter som brukere utenfor institusjon i forhold til hjelpemidler fra Folketrygden, legemidler på blå resept og Husbankens bostøtteordning?

Dersom dei foreslåtte endringane blir gjennomført, må bebruarane i institusjon bør ha dei same rettighetene som dei utanfor institusjon.

Fung. kommunalsjef si tilråding:

Kommunane har dårleg erfaring med endringar som har kome som resultat av at staten har overført oppgåver til kommunen. Desse endringane har ikkje vore følgd med ressursar i form av økonomisk kompensasjon. Det har ført til utarming av kommuneøkonomien. Ei forutsetning for endring er at ein må vera sikker på at endringane fører til betre tilbod for brukarane og at kommunen ikkje taper økonomisk på endringane.

Surnadal kommune sitt svar på dei fem spørsmåla er:

1. Surnadal kommune har ikkje følt behov for større endringar. Men viss ei endring kan gi betre tenester for brukarane utan at ein svekker kommuneøkonomien, kan det vere på sin plass å vurdere å endre dagens system.
2. Ein bør betale for det ein treng og får. Ei endring av systemet bør ikkje føre til ein auke i administrative stillingar på bekostning av pleie.
3. Staten bør i si heilheit fastsette reglar for nivået på brukarbetaling. Dette vil sikre den enkelte sin rett til tenester, uavhengig av bopel og personleg økonomi. Betalingssatsane må vere slik at alle har råd til å betale for tenestene.
4. Vi ser ei slik endring som ei forverring av kommuneøkonomien. Vi må ha ei ordning der brukarane får den hjelpa dei treng til ein pris brukaren og kommunen kan leva med.
5. Dersom dei foreslåtte endringane blir gjennomført, må bebruarane i institusjon bør ha dei same rettighetene som dei utanfor institusjon.

Behandling i Hovudutval for oppvekst og omsorg den 09.06.2004

Votering:

Tilrådinga frå fung. kommunalsjef vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst og omsorg:

Kommunane har dårleg erfaring med endringar som har kome som resultat av at staten har overført oppgåver til kommunen. Desse endringane har ikkje vore følgd med ressursar i form av økonomisk kompensasjon. Det har ført til utarming av kommuneøkonomien. Ei forutsetning for endring er at ein må vera sikker på at endringane fører til betre tilbod for brukarane og at kommunen ikkje taper økonomisk på endringane.

Surnadal kommune sitt svar på dei fem spørsmåla er:

1. Surnadal kommune har ikkje følt behov for større endringar. Men viss ei endring kan gi betre tenester for brukarane utan at ein svekker kommuneøkonomien, kan det vere på sin plass å vurdere å endre dagens system.
2. Ein bør betale for det ein treng og får. Ei endring av systemet bør ikkje føre til ein auke i administrative stillingar på bekostning av pleie.
3. Staten bør i si heilheit fastsette reglar for nivået på brukarbetaling. Dette vil sikre den enkelte sin rett til tenester, uavhengig av bopel og personleg økonomi. Betalingssatsane må vere slik at alle har råd til å betale for tenestene.
4. Vi ser ei slik endring som ei forverring av kommuneøkonomien. Vi må ha ei ordning der brukarane får den hjelpa dei treng til ein pris brukaren og kommunen kan leva med.
5. Dersom dei foreslåtte endringane blir gjennomført, må bebuarane i institusjon bør ha dei same rettighetene som dei utanfor institusjon.

Utskrift sendt: Sosialdepartementet
Inger Johanne Iversen
Lars Polden
Fung. kommunalsjef